

Skjorereir og Marna 8–12

Han var ein av dei fyrste pasientane mine som skulle døy. Omgrepet «palliativ omsorg» var ukjent for meg. I staden skulle eg reise «i dødsleie».

Sven hadde hatt arbeid på vegen, med bygging og vedlikehald. Han budde med kona si i eit lite, velstelt hus bak dottera. Plantene i hagen bar preg av god omsorg. Fem barnebarn gjekk ut og inn gjennom dørene. No hadde han vore til dokter, blitt undersøkt av spesialist og til sist innlagd på sjukehus. Det var ikkje tvil, kreftsjukdomen sat i tjukk-tarmen.

Operasjonen syntte langtkomen kreft, han vart opna og lukka, som det heitte då. Heimsending vart planlagd, han skulle heim for å døy. Ektefellen fekk ordna med dei remediar som er eigna for slikt. Nokre møblar vart ofra i den vesle stova, sjuke-senga fekk plass midt i rommet.

Så kom Sven heim, uforskamma sjølv-hjelpet i høve til dei grundige førebuingane. Rett nok hadde gulfargen starta skina noko gjennom, vekta var gått ned, men han var tankeklar og hjelpte seg sjølv på dei fleste vis.

Den unge legen starta ein serie av fram-møte i heimen. Det vart samtalar, litt om helse og helsetap, men mest om livet, dei små og store tinga. Etter kvart endra eg status frå å vere dokteren til å verte ein kjenning og etter kvart ein familiemedlem. Frå å banke formelt på døra og vente på svar, vart det berre å rope eit varsel, sidan trakka eg beint inn.

Det var vår og skjora bygde reir i hagen straks utanfor stoveglaset. Ein morgon hadde pasienten henta hagla og gjort det av med heile kullet. Alle som har hatt den «gleda» å ha skjorekull ved soveromsglaset, veit korleis det er. Flygeinstruksjon og oppmuntringar skjer skingrande og kraftig på skjoremål frå klokka 4 om morgonen. Det er eit svare leven.

Eg hadde ei 20 fot lita snekke med ein Marna 8–12 bensinmotor. Sven hadde sikkert hatt mange fine turar på sjøen kring øya si. Eg spurde litt om det, og han stad-festa mistanken. Så kom ideen: Kvifor ikkje invitere Sven med i snekka rundt øya? Han tok med glede mot invitasjonen. Ektefelle

og dotter var tydeleg skeptiske. Var det ikkje farleg? Han kunne få lungebetenning. Han var så skral. Eg tenkte at ingenting kunne vere farleg lenger. Dersom han kunne få oppleve noko flott, var det verdi-fullt over all måte.

Ein føremiddag kom eg tøffande med båten til båt-havna nedom heimen. Dottera hadde han med heimefrå. Han var dugeleg kledd, som ein romfarar. Det gulbrune og magre andletet syntte heldigvis. Det vart eit arbeid å få han ned i båten. Dagen var blank, eit lite surt drag i vårlufta. Så slo eg i gir, vrei propellen på fram, justerte regulatoren, og me glei ut. Sven smilte, saug i seg sjølufta, såg seg omkring. Alle stader var kjære og kjende. Det var avskilsturen, ei stor og høgtidsam gudsteneste. Glede, takk-semnd og sorg i intens blanding. Nokre heilage timar.

Batteriet på Marnaen var dårleg. Eg klarte å kvele motoren på sørsida av øya. Eg hugsar ikkje kva tabbe eg klarte utføre, men eg har gjort dei fleste. Der låg me, med båten i drift og stille motor. Sjølv gjorde eg dei øvingar eg kunne. Trass i energisk innsats og drivande sveitte var motoren uviljug. Sven kunne ingenting gjere. Eg veit ikkje kva han tenkte om meg, den unge og fåvise legen.

Eg staka med ei åre, og la til under nokre gardshus. I gardstunet møtte eg bonden. Han hjelpte meg med eit friskt batteri. Ikkje lenge etter var me i gong att vidare mot sør og trongare farvatn. Austre sida av øya er utan holmar og skjær. Augo fór oppettar liane og såg gardar, bøar, skogkrullar, knattar og høgdedrag. Svaberga kvelver seg i sjøen og gjev all slag sjøfugl matbord og kvilestad. Ærsteggen vraltar i brudgomsstas ned til flomålet og legg på sym med si yndige brur. Svartbakane står på berg og nabbar og skrik sine håse raut. Hegren står som urørlig komikar. Den stolte nebb og hals vert brått pil og boge. Or taren plukkar han fiskemiddag.

Alt dette og mykje meir vert sugd inn, vert tenkt og gir minnevarme. Sven minnest mangt eg ikkje kan få med meg; den gongen i 1937, vinden som dreiv båten mot det neset, all fisken då han sette garnet der, hummarfisket. Han fell inn i seg sjølv, er knapt tilgjengeleg ein del av turen. Båten går ikkje fort, det er heller ikkje noko poeng.

Så lender me ved hamna att. Damene kjem ned, tydeleg rysta. Kvifor tok det så lang tid? Har du frose? Nå må du koma heim og i hus att! Eg kjenner meg brått skuldig i noko skrekkeleg. Låg katastrofen verkeleg på lur?

Kreftene svin, det vert sjukesenga i stova. Eg er innom med faste mellomrom. Han ser ikkje ut til å ha vondt. Så kjem punktet der han vil ta avskil med meg. Den grunnfaste tru han har på Jesu forsoning og Guds oversikt skin klarare gjennom. Sven takkar meg for tida i lag. Så kjem den kraftige og rystande varme helsinga: «Me møtest att på andre sida av grava, Bråtveit.» På vegen ut dørene kjenner eg korleis helsinga lyfter meg inn i noko stort, noko heilag. Han har knytt sin død til min. Me skal som menneske same vegen. Me kan eige same vona.

I mellomtida har me gått ein liten veg-stubb i lag.

Pårørande har gjeve tillating til at artikkelen blir publisert.

Aslak Bråtveit
aslsigu@online.no

Aslak Bråtveit (f. 1951) er spesialist i allmenn-medisin og fastlege ved Finnøy legekantor.

Motteke 4.2. 2013 og godkjent 3.4. 2013. Medisinsk redaktør Are Brean.